



Arkivnr: 2014/598-13

Saksbehandlar: Ingebjørg Engel Astrup

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015

**Restaurering av verneverdige bygg - budsjettfordeling****Samandrag**

Det er i budsjett for 2015 løyvd 3 millionar kroner til restaurering verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige. I premissane for løvyinga er vidareføring av arbeid som er sett i gang på bygg og anlegg, og inneverande år vil ein fordela midlane på prosjekta Hagen på Stend med 2 850 000, Valen Kraftstasjon I med 150 000

**Forslag til vedtak**

Stad	Prosjekt	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ Meirinnt.
10	658.050.00	07520	02320 Hagen på Stend	2 850 000	
10	400.650.00	07515	02320 Valen - kraftstasjon	150 000	
10	400.650.00	07505	02303 Verneverdige fylkeskommunale bygg		3 000 000
				3 000 000	3 000 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
Kst. Fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 22.04.2015**

Det er i budsjett for 2014 løyvd 3 millionar kroner til restaurering verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige. I premissane for løyvinga er vidareføring av arbeid som er sett i gang på bygg og anlegg

### Valen – prosjekt 07515

I Valen har ein tre generasjonar av kraftstasjonar på rad, og slik sett er det eit godt grunnlag for formidling av energihistoria. Valestiftinga har arbeida med å ivareta dei gamle anlegga.

Kraftstasjon I har hatt lekkasje over tid, og i samband med at ein skulle skifta taket på bygget, avdekkja ein at ein også må skifte skadde bygningsdelar i den berande konstruksjonen. Bjørn Arve Lunde ved Sunnhordland museum, er fagleg rådgjevar for stiftinga, og etter avtale med Hordaland fylkeskommune har han utarbeida ein restaureringsplan for bygget. Restaureringsarbeidet held fram i samarbeid med Valestiftinga.

I samband med ein dokumentasjon av anlegget og stasjonane, som vert utførd av Norsk vasskraft- og industriadmuseum, NVIM., er det viktig å leggja ut det digitaliserte materiale slik at det vert tilgjengeleg for elevar, vernemynde og publikum med interesse for krafthistoria. Det arbeidet vil verta utført i samband med registreringa

150 000 er sett av til Valen – Kraftstasjonane - Formidling.

### Stend vgs – hagen - prosjekt 07520

I FUV sak 228/10 gjekk ein på grunnlag av utarbeida forprosjekt av Sveinung Skjold, inn for å prioritera tiltaka retablering av renessansehagen og retablering av alléen frå sjøen. Vidare sa vedtaket at ein skulle starta arbeidet med å registrera fysiske spor i det aktuelle området.

På det grunnlag etablerte ein eit forprosjekt med fleire komponentar, der ein på ulike måtar har søkt å supplera kunnskapen om tidlegare hageanlegg på Stend. Det har vore geofysiske undersøkingar med køyring av definerte område med georadar, på grunnlag av det materiale vart det utført hagearkeologisk undersøking og arkivundersøkingar.

Alle undersøkingane i forprosjektet er samanfatta, og det er utarbeida ein plan for rekonstruksjon av hagen. I 2014 tok arbeidet med rekonstruksjon av del 1 med parterra framfor hovudhuset til. Det innebar drenering av heile området og fundamentering for gangstiane mellom parterra. Det vart utforming av ti parterr i denne delen av hagen.

No skal arbeidet vidareførast med alt som vil synast over bakken. Målsettinga er at anlegget skal presentera seg i jubileumsåret for Stend vgs i 2016. Det vert i første omgang ein ferdigstilling av anlegget med grusgangar. Anleggsgartern som har utført arbeidet med anlegget, vil gjennom den første vekstsesongen laga ein manual for drift av hagen med tanke på det vidare arbeidet til faggruppene på Stend vgs. Han vil samarbeida med skolen i dei første vekstsesongane.

Det skal utarbeidast ein planteplan på grunnlag av kunnskap om historiske plantar i vestlandshagane. Det er fagperson som forvaltar hageanlegget på Damsgård, skal utforma planen i samarbeid med miljø med kompetanse om historisk plantemateriale. Historiske plantar må formerast, og ein må ha ein produksjon av dei. Det kan ta tid før heile anlegget får historisk riktig materiale, så det er ein prosess som vil gå over fleire år, og ein må satsa på mellombels løysingar når det gjeld plantematerialet. Til buksbomhekkane vil ein nytta materiale frå historiske buksbomplantar på Milde. Midlar må nyttast til kjøp av plantar og reiskap som ein treng til forvaltning av hagen. Landskapsarkitekten vil leia prosjektet fram mot ferdigstilling.

Det ligg inne i Plan for hagen at det vert bygd ein levegg mot Fanavegen, som også vil vera ein nødvendig støyskjerm. Det er ikkje økonomisk rom for leveggen i årets fordeling.

2 850 000 er sett av til vidare arbeid med prosjektet «Hagen på Stend».